

Forskaling og betongarbeid på 3-mannsbustaden.

19.01.2017



Ole Martin Trondsen og Jarand Soma frå firma Ermland Forskaling står for forskaling- og betongarbeidet på 3- mannsbustaden i Ospelunden byggefelt.

Forskalingsarbeidet på ny 3 - mannsbustad i Ospelunden starta på måndag. Ermland Forskaling v/ dagleg leiar Øystein Ermland står for arbeidet. På plassen møter vi handverkarane Jarand Soma og Ole Martin Trondsen. Arbeidet med forskaling og støyping er rekna til 2 - 3 veker.

Oddbjørn Kroka fortalde for ei tid sidan at straks ei av dei tre leileghetene var selde, ville han starta arbeidet. No er ei leileghet seld og finansieringa er på plass. Leileghet nr. 2 er seld. Ein ventar berre på eit formelt svar om finansiering. Mykje talar for at det siste husværet vert seld med det fyrste. Huset med dei tre seksjonane ligg høgt og fritt og med framifrå utsikt mot Skorpo, Storsund og Hardangerfjorden.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Tomta ligg fint til med vakker utsikt mot nord og vest.